



Sunnfjord vassområde

Referat – Temamøte om spreidde avløp 11.01.2017

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Storehagen 1 B, Førde
Onsdag 11. januar kl 9:30 – 14

Desse deltok på møtet:

Arne Stig Sortevik, fagleiar jordbruk, Naustdal kommune
Dag Tore Skilbrei, Gaular kommune (omvisning på minirensanlegg)
Stig Olav Kleiven, konsulent ureining / spreidde avløp, Gaular kommune
Magne Reidar Førde, driftsingeniør VA, Førde kommune
Aud Storelid, fagleiar byggesak / utsleppsløyve, Flora kommune
Magne Aasen, plan og samfunn, byggesakskonsulent, Flora kommune
Staffan Hjøhlman, prosjektleiar Sunnfjord vassområde, Sogn og Fjordane fylkeskommune

BAKGRUNN FOR MØTET

Dette var eit oppfølgingsmøte etter temamøte 28.10.2016.

Formålet med temamøta er at sakshandsamarar frå kommunane i Sunnfjord vassområde møtast og diskuterer problemstillingar og samarbeid rundt spreidde avløp, med hovudmålsetting å ivareta krava etter vassforskrifta.

TEMA PÅ MØTET

Gjennomgang av skjema med opplysningar frå kommunane (vedlagt)

Gaular kommune har utført ein del tilsyn på bakgrunn av rapportar frå slamtømming v/ Septik 24. Kommunen tek 2000 i saksbehandlingsgebyr for utsleppsløyve. Tilsynsgebyr er etter medgått tid med eit minstegebyr på 2000.

Førde kommune har nyleg vedteke gebyrforskrift med 1250 kr saksbehandlingsgebyr for utsleppsløyve og 250 kr årsgebyr for tilsyn av private avløpsanlegg.

Flora kommune har 3000 kr i saksbehandlingsgebyr for utsleppsløyve og 283 kr årsgebyr for tilsyn av avløpsanlegg for hushaldningar (600 kr årsgebyr for verksemdar).

Vedkomande påslepp på kommunalt avløpsanlegg, gjorde Magne Reidar merksam på at Forurensningsforskrifta § 15A-4 gir heimel for tilsyn med påslepp frå verksemd, men ikkje for påslepp frå hushaldningar.

Jølster kommunestyre har stemt ned framlegg frå Høgre om å innføre tilsynsgebyr for kartlegging av spreidde avløp.

Rapportar frå slamtømming / Septik 24

Kommunane sin kunnskap om dei private avløpsanlegga kjem til største delen frå Septik 24 som har oppdraget med slamtømming. Septik 24 rapporterer til huseigarar / kommunane / Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) om storleik på slamavskiljar og manglar som blir oppdaga. Sporadisk blir det også rapportert om ureining på bakken ved anlegg. Det inngår ikkje i oppdraget til Septik 24 å kontrollere infiltrasjonsanlegg / sandfilter / utsløppspunkt o.s.b. Det er SUM som på vegne av kommunane (utanom Flora) gjer avtale om slamtømming. Dette omfattar avtale om rapportering frå Septik 24. Det synast å vere forskjell mellom kommunane i forhold til kva rapportane inneheld av



Sunnfjord vassområde

data og foto. Norkart har kome med tilbod til kommunane i SUM om ein modul i KOMTEK, «VA Privat». For å nytte tilbodet må alle kommunane i SUM vere med, og det er dei førebels ikkje. Modulen gjer det lettare for kommunane å få oversikt over kva for anlegg som finst i kommunen og å følgje opp manglar.

Fordi rapportar frå slamtømming i mange kommunar er einaste kjelde til kunnskap om tilstand på mindre avløpsanlegg, er det særst viktig for kommunane å få del i alle opplysningar, foto m.m. som blir dokumentert, og at slike data blir integrert i kommunane sine system for sakshandsaming.

Er sandfilter lovleg?

Ein skil mellom «sandfilter», som er konstruert med tilkøyrd masser, og «infiltrasjonsanlegg» i stadeigne masser. Kommunen har heimel for å kunne trekke tilbake utsleppsløyve ved mistanke om feil i anlegget.

Det er ikkje generelt forbod mot sandfilteranlegg i lov eller sentral forskrift. Kommunane har høve til å forby sandfilteranlegg som reinsem metode for kloakk ved at Plan og bygningslova § 11-9 gir høve til å definere krav til vass- og avløpsanlegg. Førde kommune har teke inn forbod mot kunstig infiltrasjon (sandfilter) i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel (gjeld nye anlegg).

Informasjon til husstandane

Staffan tok opp spørsmål om det er trong for å informerer husstandar med private avløpsordningar om ansvaret dei har for at anlegga fungerer tilfredsstillande og oppfyller krava i regelverket. Også at kommunen har høve til å pålegge utbetringar, eventuelt trekke tilbake utsleppsløyve, der krava ikkje er oppfylt.

Komande arrangement

Seminar om avløp og landbruk 28.-29. mars

Fylkeskommunen arrangerer seminaret på Thon Hotell Jølster (skei). Målgruppe er tilsette og politikarar i kommunane. Seminaret er også ope for lag og organisasjonar m.v. Det er høve til å kome med innspel på innhald til Staffan. Det vil bli påmelding via vannportalen.no, Sogn og Fjordane vassregion.

Fagtreff Norsk Vann 6.-7. februar

Neste temamøte

Det var semje om innhald på neste temamøte:

Utføre i fellesskap eitt konkret tilsyn etter forureiningsforskrifta § 12. Som tilsynsobjekt vart avløpsanlegget til Mo og Jølster vidaregåande skule, avdeling Mo valt («landbruksskulen»). Dato ikkje fastsatt.

Omvisning på minirensanlegg kl 13-14 inklusiv reise

Anlegg hos Kårstad transport av type Biovac. Problemstillingar med oljehaldig vatn inn til anlegget.

03.02.2017

Staffan Hjohlman

ref



Sunnfjord vassområde

VEDLEGG

Oversikt spreidde avløp (små private avløpsanlegg) i Sunnfjord vassområde

	Flora	Askvoll	Fjaler	Gaular	Jølster	Førde	Naustdal
Tal bustadar tilknytta kommunalt avløp bustad/fritid/næring					638 (inkl næringsbygg)		501
Små avløpsanlegg bustad:							
Tal bustadar utan rensing	140						
Tal bustadar septiktank	625			878 (hus og hytte)	651 (inkl fritidsb)		657
Tal bustad infiltrasjon	77				95 % (antatt)	520	
Tal bustad sandfilter	211						
Tal biorensanlegg	1						11
Tal kjem/bio rensanlegg	2			9 (hus og hytte)			
Tal bustadar tett tank svartvatn				26 (hus og hytte)	27 (inkl fritidsb)		5
SUM tal små anlegg	1056	0	0	913	678	520	673
% av mangelrapport frå Septik 24 som blir følgd opp? (anslag)	70			100% (sendt brev)	56 % (2014)		100% (2015,sendt brev)
Heimel for avløpskrav:							
Sentral forskrift (X)	X	X	X	X	X	X	X
Lokal forskrift (X)				Under utarb			X
Arealplan (X)					X	X	
Anna? Skriv kva!							
Tal tilsyn private anlegg:							
2015	83			2	0		0
2016	91			3	0		0

Grøne tal er innhenta frå kommunane

Svarte tal er innhenta frå SSB